



Arkivnr: 2014/10532-21

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

### Forslag til kurs i regi av Deloitte i 2017

#### Bakgrunn for saka

**Hordaland fylkeskommune valde Deloitte som revisor med verknad frå 1.7.2012. I kontrakten som er inngått går dette fram av vedlegg 1 Kravspesifikasjon punkt 4:**

«*REVISOR skal leggje fram forslag om, og halde kurs for kontrollutvalet sine medlemmar eller for medarbeidrarar i fylkesadministrasjonen. Tema skal avtalast ved det einskilde høve. Omfang skal reknast til 2 kursdagar per rekneskapsår.»*

I tilbodet frå Deloitte punkt 3.2.8 går det også fram m.a. dette:

«*Deloitte gjennomfører årleg ei rekke kurs innanfor eit breitt spekter av faglige tema. Desse kursa vil nøkkelpersonar frå fylkeskommunen vederlagsfritt kunne delta på. Slike kurs kan eksempelvis omfatte nyhende innan avgift og rekneskap, aktuelle problemstillingar innan sentrale tenesteområde og/eller tema knytt til dømes til effektivisering, interkommunalt samarbeid, verktøy og metodar.*

*Deloitte vil også forplikte seg til å setje opp 2 kursdagar per rekneskapsår i tråd med konkurransegrunnlaget. Tema vil avtalast ved det einskilde høve.*

*Deloitte kan utover dette også halde andre kurs for kontrollutvalet eller fylkeskommunen innan ei rekke tema. Vederlag vil bli avtalt i kvart tilfelle.»*

#### Drøfting

I 2016 vart det gjennomført desse kursa innan kurskvoten:

- Samfunnsansvar og antikorruption
- Kurs for innkjøpsansvarlege i fylkeskommunen
- Bestilling og oppfølging av forvaltningsrevisjonar
- Styrekopetanse

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Direkte telefon 55239447 – Mobil 97505152 - E-postadresse: [Roald.Breistein@hfk.no](mailto:Roald.Breistein@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgiro nr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Deloitte har no levert forslag til aktuelle kurs som kan vera aktuelle å halde for kontrollutvalet og/eller administrasjonen i Hordaland fylkeskommune. Oversikten ligg ved. I oversikten går det fram at dei kan tilby kurs innan:

- Samfunnsansvar og korruption
- Lov om offentlege anskaffingar
- Merverdiavgift og merverdiavgiftskompensasjon
- Habilitet
- Kontrakts- og leverandørroppfølging
- Ny kommunelov, når den ligg føre
- Utvalde tema knytt til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll basert på mellom anna kontrollutvalsboka
- Innføring i kommunerekneskap
- Avstemming av rekneskapen
- Pensjon
- Innberetning av løn
- Skiljet mellom driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen
- Andre rekneskapsmessige problemstillingar

Er det andre tema kontrollutvalet ønskjer å ha kurs innan kan dette diskuterast med Deloitte. Det kan også vera føremålstenleg å spørja om administrasjonen ønskjer å nytta noko av denne kurskvoten, i tillegg til at dei blir invitert med på dei kusa kontrollutvalet arrangerar. Det normale til no har vore at slike kurs har hatt ein varighet på 2 timer og at dei har vore halde i samband med eit kontrollutvalsmøte.

#### Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet diskuterer kva kurs dei vil at Deloitte skal gjennomføre utover i 2017. Kontrollutvalet bør også spørja om administrasjonen ønskjer å nytta noko av kurskvoten. Vidare bør utvalet be sekretariatet ta seg av alt det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kusa.

#### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan ..... 27.03.17
2. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan ..... 15.06.17
3. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan ..... 25.09.17 ev. 29.11.2017
4. Kontrollutvalet ber om at sekretariatet tar opp med administrasjonen om dei ønskjer å nytte noko av kurskvoten.
5. Sekretariatet vert beden om å ta seg av alt det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kusa.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

1 Deloitte - Kurstilbod 2017